



## **INNKALLING TIL STUDENTTINGSMØTE**

5/17-18

Onsdag 28. februar 2018

Møterom Kaarstad 202

Kl 16.30-19.30

Matsservering kl 16.30

Møtestart kl 17.00

# Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 5/17-18

Møtedato 28.02.18



## Studenttingsmøte 28.02.18

Sak 00 – 17/18:	Opprop og val av møteleing .....	3
Sak 40 – 17/18:	Godkjenning av innkalling og sakliste .....	4
Sak 41 – 17/18:	Godkjenning av referat.....	5
Sak 42 – 17/18:	Orienteringar .....	6
Sak 43 – 17/18:	Val av studentrepresentant frå SiVolda til juryen for Studentprisen 2018.....	7
Sak 44 – 17/18:	Val av utsendingar NSO sitt landsmøte.....	9
Sak 45 – 17/18:	Resolusjon – betre grunngjeving på eksamen .....	10
Sak 46 – 17/18:	Tillitsvalde i klassene .....	11
Sak 47 – 17/18:	Gruppearbeid – Tillitsvalde .....	12
Sak 48 – 17/18:	Eventuelt.....	14
Møtekritikk .....		15
Oversikt over vedlegg.....		16

# Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 5/17-18

Møtedato 28.02.18



## **Sak 00 – 17/18: Opprop og val av møteleiing**

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

---

### **Namneoppop**

STiV får oversikt over deltakarar på møtet og fastslår om Studenttinget er vedtaksdyktig.

### **Val av møteleiing**

**Forslag til vedtak:** Tonje Nordrum vert vald til ordstyrar.

Marit Aklestad og Serghei Levenco vert valde til teljekorps.

# Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 5/17-18

Møtedato 28.02.18



## Sak 40 – 17/18: Godkjenning av innkalling og sakliste

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Ordstyrar

---

### Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Eventuelle innvendingar eller endringar av saklista, samt eventuelt-saker vert meldt inn her.

**Forslag til vedtak:** Studenttinget godkjenner møteinnkalling og sakliste med fylgjande forslag til dagsorden:

	Dagsorden for studenttingmøte 28.02.18	
17.00	Sak 00 – Opprop og val av møteleiing	Vedtakssak
	Sak 40 – Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedtakssak
	Sak 41 – Godkjenning av referat	Vedtakssak
17.10	Sak 42 – Orienteringar	Orienteringssak
17.25	Sak 43 – Val av studentrepresentant frå SiVolda til juryen for Studentprisen 2018	Vedtakssak
17.40	Sak 44 – Val av utsendingar til NSO sitt landsmøte	Vedtakssak
17.55	Sak 45 – Resolusjon: grunngjeving på eksamen	Vedtakssak
18.15	Sak 46 – tillitsvalde i klassene	Vedtakssak
18.30	Sak 47 – Gruppearbeid: Studiebarometeret 2018	Diskusjonssak
19.15	Møtekritikk	-
19.30	Møteslutt	

# Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 5/17-18

Møtedato 28.02.18



## **Sak 41 – 17/18: Godkjenning av referat**

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Ordstyrar

---

*Vedlegg nr 1 Referat frå studenttingsmøte 31.01.18 (uprenta)*

*Vedlegg nr 2 Vedtektene til Studenttinget i Volda, sist revidert 31.01.18 (uprenta)*

*Vedlegg nr 3 Valreglement for Studenttinget i Volda, sist revidert 31.01.18 (uprenta)*

### **Forslag til vedtak:**

Studenttinget godkjenner referatet m/vedlegg frå sist studenttingsmøte, 31. januar 2018.

# Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 5/17-18

Møtedato 28.02.18



## Sak 42 – 17/18: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

---

Arbeidsutvalet v/ Leiar Håvard Bjørnerem vil orientere om fylgjande:

- SHoT-undersøkinga. Studentenes helse- og trivselsundersøkelse
- NSO månedleg oppdatering

Orientering frå velferdsansvarleg Guro Kvist:

### Viktig: Studentlivet

Da jeg ikke har anledning til å delta på Studenttingsmøtet i dag, skriver jeg heller et lite notat til dere om hvordan vi ligger an med psykisk helse-dagen.

Torsdag 15. mars inviterer SiVolda, i samarbeid med Studenttinget i Volda, til ulike foredrag om psykisk helse på Rokken. Arrangementet starter kl. 18.00 med gratis mat, utover kvelden blir det foredrag fra både HelseSista og Adil (kjent fra Dansefeber). Avslutningsvis blir det sofasamtale om psykisk helse med studenter i fokus, og jeg tar gjerne imot innspill til hvem som kan delta i slik samtale, eller hva vi bør snakke om her. Mellom de ulike foredragene, blir det musikk fra artist fra Bergen – Sol Eriksen.

Arrangementet er gratis, og jeg håper dere i Studenttinget kan være aktivt med å få folk til å komme! Plakater og Facebook-event kommer ila kort tid.

Orientering frå Marie Havnsund i Høgskulestyret.

Evt. andre orienteringar.

# Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 5/17-18

Møtedato 28.02.18



## **Sak 43 – 17/18: Val av studentrepresentant frå SiVolda til juryen for Studentprisen 2018**

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Simen Langeland

---

Studenttinget skal velje ein studentrepresentant frå styret i Studentsamskipnaden i Volda til juryen for studentprisen 2017, jf. § 8 i vedtektene for Studentprisen. Både hovudrepresentantar og vararepresentantar er valbare.

Studenttinget kan såleis velje mellom fylgjande personar: Tormod Daae Smedsvig, Karoline Strand, Svend Andreas Aspaas, David Fiskaa, Pernille Røe og Håvard Bjørnerem.

**Forslag til vedtak:** Studenttinget vel ein representant ved urneval.

## Vedtekter for studentprisen ved høgskulen i Volda

### **Prisen**

- § 1 Studentprisen vart oppretta etter vedtak i Studenttinget i Volda (STiV) den 24. februar 2010. Prisen er meint å skulle fremje engasjement blant studentar ved Høgskulen i Volda.
- § 2 Studentprisen skal offentleggjerast i byrjinga av mai kvart år, og vert delt ut ved studiestart påfølgande semester.
- § 3 Premien er på 7500 kroner, og vert finansiert av Høgskulen i Volda.
- § 4 Studentprisen kan gå til både einskildpersonar og grupper, og premien kan verte delt på fleire vinnarar.

### **Prosess**

- § 5 Studentar og tilsette ved Høgskulen i Volda og tilsette ved Studentsamskipnaden i Volda (SiVolda) kan nominere kandidatar til Studentprisen.
- § 6 Framlegg til kandidatar må innehalde namn og kontaktinformasjon både for den som nominerer og den som vert nominert, samt ei grunngjeving for kvifor nettopp denne studenten/desse studentane bør få prisen. Frist for å nominere kandidatar er sett til 15. april.

# Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 5/17-18

Møtedato 28.02.18



- § 7 Leiar i STiV har det overordna ansvaret for Studentprisen. Vedkommande kallar inn til jurymøte snarast råd etter at nominasjonsfristen er ute, set ein dato for sjølv utdelinga, og overrekker prisen til vinnaren/vinnarane.
- § 8 Juryen for Studentprisen består av leiar i STiV, ein representant frå rektoratet ved HVO, studiedirektør ved HVO, ass. direktør ved SiVolda, samt ein studentrepresentant frå styret til SiVolda. Sistnemnde vert oppnemnd av STiV på andre studenttingsmøtet i vårsemesteret.
- § 9 Namnet på vinnaren/vinnarane av Studentprisen må vere klart seinast ei veke før offentleggjeringa finn stad.
- § 10 Arbeidsutvalet i STiV oppnemner erstattarar dersom ein eller fleire av jurymedlemene er inhabile eller ikkje har høve til å møte opp.

## Nominasjon og kriterium for tildeling

- § 11 Den/dei nominerte skal vere eller ha vore student ved Høgskulen i Volda seinast for eit år sidan.
- § 12 Ved tildeling av prisen skal det leggjast vekt på kriteria som er nemnde nedanfor:

Studenten/studentane har:

- ✓ Utmerkt seg særskild gjennom arbeid for eit godt studentmiljø eller betre studiekvalitet
- ✓ Brukt mykje av fritida si på aktivitetar som fremjar studentvelferd
- ✓ Vore med på å starte opp nye positive studentaktivitetar
- ✓ Vore aktivt med på å fremje Volda som studiestad.

Ved tildeling må minst eitt av desse kriteria vere oppfylt.

- § 13 Juryen avgjer kven av dei nominerte som har gjort seg mest fortent til prisen og kårar ein eller fleire vinnarar. Avgjerdsla er endeleg.

## Vedtekter

- § 14 Vedtektene for Studentprisen er opne for endring ved to tredjedels fleirtal i Studenttinget.

*Sist endra i Studenttinget 21.02.2017*



# Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 5/17-18

Møtedato 28.02.18



## Sak 44 – 17/18: Val av utsendingar NSO sitt landsmøte

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

---

Studenttinget i Volda skal velje utsendingar til Landsmøtet i NSO. Det skal veljast tre delegatar og tre varaer, samt ein observatør.

Landsmøtet (LM) er Norsk studentorganisasjon (NSO) sitt øvste organ og finn stad i **Tønsberg 20.-22. april**. Her tek ein dei viktigaste beslutningane i organisasjonen. Landsmøtet vert arrangert éin gong i året og er sett saman av representantar får alle medlemslaga i NSO.

Landsmøtet kan ha opp mot 300 deltakarar. Møtet har ein fast struktur, og krev at alle deltakarane er godt førebudde. Alle delegatar som ikkje har vore på Landsmøtet tidlegare, deltek difor på **formøte 07.-08. april i Trondheim**. NSO dekkjer reise og opphald til både Landsmøtet og formøtet for delegatar.

All info om landsmøtet er samla på denne sida: <https://www.student.no/lm8/>

På LM skal vi blant anna gjennomføre:

- Val av arbeidsutval nasjonalt, ulike politiske komitear og sentralstyre
- Behandle Resolusjonar og uttalar
- Behandle politiske plattformer, slik som inkludeirngs- og likestillingspolitisk plattform
- Revidere vedtekter
- Økonomi, rekneskap og budsjett
- Handlingsplan 2017/2018
- Generaldebatt (open diskusjon om alle tema)

LM er eit arrangement som er krevjande både fysisk og psykisk. Det blir lange dagar på delegasjonsbenken, og kunnskapen til kvart einskilt medlemslag vert verkeleg sett på prøve. For at vi skal vere budde på best mogleg vis, vil det vere førebuingssmøter for delegatane, leia av AU. Her vil vi gå gjennom alt frå sakspapir til debattrening på talarstol. Vi vil minne om at dette krev ein del tid frå kvar enkelt, samt motivasjon til å vere til stades.

**Forslag til vedtak:** Studenttinget vel tre delegatar og tre varaer, samt ein observatør til landsmøtet i Norsk Studentorganisasjon. Valet vert gjennomført ved urneval.

# Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 5/17-18

Møtedato 28.02.18



## Sak 45 – 17/18: resolusjon – betre grunngjeving på eksamen

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

---

AU har, etter vedtak i Studenttinget, omarbeidd saka som representanten Allan Levi Melby la fram på førre studenttingsmøte til ein resolusjon. Ein resolusjon er ein uttale som vert organisasjonen sitt samla syn på ei sak/eit tema.

**Forslag til vedtak:** Studenttinget vedtek resolusjonen «betre grunngjeving av eksamensresultat».

Resolusjon frå Studenttinget i Volda

### Betre grunngjeving av eksamensresultat

Når ein student ber om grunngjeving av eksamensresultata, gjer den som oftast det med eit mål om å lære noko av grunngjevinga. Slik kan ein forbetre resultatet til neste gong, eller forstå kvifor ein har fått den karakteren ein har fått. Vi i Studenttinget i Volda meiner at å få vite noko om kvifor resultatet er som det er burde vere ein vesentleg del av undervisninga, spesielt sett i lys av at nokon høgskular og universitet allereie har automatisk grunngjeving på eksamen.

Problemet med dagens grunngjevingssystem er at grunngjevingane varierer veldig, frå veldig grundige til veldig diffuse eller standardiserte. Dei meir grundige tilbakemeldingane har gode svar på kvifor karakteren er sett, og av og til har dei karakter på kvar oppgåve i eksamenssvaret. Dei meir diffuse eller standardiserte svara kan kopiere den direkte definisjonen av ein karakter frå karakterskalaen, eller berre gi ei generell formulering om nivået på oppgåva. Korleis hjelp dette studentane med å lære?

Studenttinget krev at ei grunngjeving, som studenten trass alt må søke om, må vere såpass grundig at ein kan få eit læringsutbytte av det. Om det er ein grundig gjennomgang av kvar oppgåve eller ein generell gjennomgang av eksamenen, må sjåast i lys av kvar eksamensoppgåve, men når studentar aktivt må søkje om det for å få ei grunngjeving av eksamen, fortener dei ei ordentlig tilbakemelding.

# Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 5/17-18

Møtedato 28.02.18



## Sak 46 – 17/18: Tillitsvalde i klassene

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Oda Næs Skoglund

---

AU ser behov for ein gjennomgang av av tillitsvaldsystemet, der vi ser på moglege alternativ og forbetringar til dagens ordning. I dag har STiV og HVO to delvis overlappende system, der STiV har ansvar for dei tillitsvalde og studentrådet, medan HVO har ansvar for fagutvala.

AU ynskjer å setje ned ei arbeidsgruppe som kan arbeide fram ei betre løysing for å styrkje studentmedverknaden ved Høgskulen og sikre at studentane sine perspektiv og innspel vert ein viktig del av kvalitetssystemet ved HVO. AU vurderer ei tettare kopling/samkøyring av tillitsvalde og repr. i fagutvala. Kan dette vere dei same personane, som fylgjer det same systemet, i staden for dagens to parallelle system?

AU ser også behov for å vurdere endringar knytt til bl.a. kursing og opplæring av tillitsvalde, den praktiske gjennomføringa av val og innhenting av kontaktinfo, og dei tillitsvalde sitt forum Studentrådet.

### Forslag til vedtak:

Studenttinget gir AU i oppgåve å setje ned ei arbeidsgruppe beståande av representantar frå STiV (både AU og Studenttinget) og HVO som får mandat til å arbeide vidare med det føremålet å forbetre tillitsvald-systemet til STiV, og sjå dette i lys av HVO sine øvrige system knytt til kvalitetsarbeid ved Høgskulen. Arbeidsgruppa får mynde til å vurdere moglege endringar i ansvar mellom HVO og STiV. Arbeidsgruppa skal rapportere til STiV, og endringsforslag skal leggjast fram for STiV for godkjenning.

# Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 5/17-18

Møtedato 28.02.18



## **Sak 47 – 17/18: Gruppearbeid – Tillitsvalde**

Type sak: Diskusjonssak

Sakshandsamar: Oda Næs Skoglund

---

Som fylgjer a sak 46, ynskjer AU å få innspel frå Studenttinget på korleis dagens tillitsvald-ordning fungerer og kva som kan forbetrast.

Vedlegg 4: Tillitsvaldhandboka (finnst berre i trykt versjon, blir ikkje lagt ved som vedlegg digitalt)

Gruppearbeid: vi deler oss i grupper etter avdeling, og diskuterer punkta under:

- 1) Kva bør vere mandatet til dei tillitsvalde? Kva er ikkje deira mandat?
- 2) Korleis kan rolla gjerast tydelegare? Kva fungerer i dag, og kva fungerer ikkje?
- 3) Kva behov har dei tillitsvalde for kursing og opplæring? Bør ein ha ei form for sertifiseringsordning?
- 4) Bør rolla skiljast frå fagutvala, eller bør desse rollene og systema i større grad samkøyrast?
- 5) Erfaringar med dagens fagutval? Kva fungerer og kva fungerer ikkje?

# Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 5/17-18

Møtedato 28.02.18



## **Dette står i vedtektene til STiV om dei tillitsvalde:**

### **§ 9 Tillitsvalde**

Det skal veljast tillitsvald og vara ved alle studieprogram som er bachelorgrad og mastergrad, samt årsstudium som gir 30 studiepoeng eller meir per semester. Funksjonstida fylgjer ordinært skuleår, med mindre representanten fråtrer sitt verv som tillitsvald på tidligare tidspunkt. Då av eige ynskje eller ved mistillit, jf. § 4. Vedkomande vert då erstatta av ein ny representant valt av klassen. Tillitsvalt har rett på attest frå Studenttinget.

Tillitsvalte ved HVO har informasjonsplikt ovanfor medstudentar på studiet om informasjon frå høgare studentorgan. Dei skal arbeide for å ivareta studentane sine interesser på avdelings- og institusjonsnivå.

#### **§ 9-1 Studentrådet**

Studentrådet er et forum for tillitsvalte ved HVO. Det skal gjennomførast minst eitt møte kvart semester. Ansvar for planlegging, invitasjon, mobilisering og gjennomføring av møtet ligg hos fagansvarleg i Arbeidsutvalet i STiV.

Alle tillitsvalde ved HVO har møteplikt. Personleg vara skal tilkallast etter høve. STiV sitt Arbeidsutval og dekanane ved HVO er invitert som gjestar. Alle studentar ved HVO har møterett. Alle studentar og dekanar ved HVO har talerett og forslagsrett, men berre dei tillitsvalde har stemmerett.

Det kan bli aktuelt å endre vedtektene på desse punkta dersom STiV vel å endre dagens ordning.

# Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 5/17-18

Møtedato 28.02.18



## **Sak 48 – 17/18: Eventuelt**

Type sak:

Sakshandsamar:

---

# Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 5/17-18

Møtedato 28.02.18



## Møtekritikk

Type sak: Unnateke journalføring

Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

---

Etter formell møteslutt tek vi ei runde der Studenttinget kan kome med konstruktiv kritikk og tilbakemeldingar til AU når det gjeld korleis møta blir lagt opp, sakspapir, agenda og gjennomføring av møta m.m. Slik blir møta betre, og AU og Studenttinget har heile tida dialog om korleis ein ynskjer møta.

# Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 5/17-18

Møtedato 28.02.18



## Oversikt over vedlegg

Sak 41 – 17/18: Vedlegg 1 – Referat frå studenttingsmøte 29. november 2017

Sak 41 – 17/18: Vedlegg 2 – Vedtektene til Studenttinget i Volda

Sak 41 – 17/18: Vedlegg 3 – Valreglementet til Studenttinget i Volda

Sak 47 – 17/18: Vedlegg 4 – Tillitsvaldhandboka

Vedlegga ligg ved som separate dokument.